

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Sjukehusapoteka Vest HF  
Dato: 26.11.2014  
Frå: Styreleiar Maria Borch Helsingreen  
Sakshandsamar: Administrerande direktør Jannicke Daae Tønjum  
Saka gjeld: **Styret si eigenevaluering 2014**

**Styresak 72/14 (B)**

**Styremøte 03.12.2014**

---

## Forslag til vedtak

1. Styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør i Sjukehusapoteka Vest HF, er gjennomført i ein elektronisk spørjeundersøking.
2. Styret si eigenevaluering og evaluering av AD må gjennomførst i Sjukehusapoteka Vest HF innan desember 2014 på utarbeidd mal frå Helse Vest RHF.
3. Oppsummering blir sendt Helse Vest RHF, som samordnar og sender samla oppsummering frå Helse Vest til Helse- og omsorgsdepartementet.

## **Oppsummering**

Der er eit krav i protokoll frå føretaksmøte at styret i Sjukehusapoteka Vest HF evaluerer eiga verksemd årleg. Oppsummeringa av evalueringa skal vidareformidlast til eigar, som igjen vidareformidlar til Helse- og omsorgsdepartementet. Dette kravet er og formidla gjennom rettleiaren for styrearbeid i Helse Vest.

## **Fakta**

Sjukehusapoteka Vest er forplikta til å gjennomføre evalueringa i høve til mal for styret si eigenevaluering og evaluering av administrerande direktør (AD) vedteke i Helse Vest RHF sitt styremøte 22. juni 2011 – sak 079/11 B.

Skjema for styret si eigenevaluering og evaluering av AD er fylt ut elektronisk av alle styremedlemmar i forkant av styrebehandlinga, og oppsummering er sendt til styremedlemmane i forkant av møtet.

Det er det same skjemaet som blei brukt i 2011, 2012 og 2013, dette for å følge utviklinga over tid.

## **Kommentar**

Sjølv om saksførelegg i saka ikkje er unntatt offentlegheit, rår styreleiar til at saka blir behandla i lukka møte. Ein visar til Helseføretakslova § 26 a, 2. ledd nr. 1 som mellom anna har til formål å gi mogelegheit for fortruleg diskusjon i saker der det er reelt og sakleg behov for det.

## **Vedlegg**

Oppsummering av styret si eigenevaluering og evaluering av AD for 2013, er sendt ut til styret. Vedlegget er u. off. jf. Offentleglova § 14 første ledd.